



Etiske retningslinjer

Etiske retningslinjer for Blom Fiskeoppdrett AS og Blom Settefisk AS

1. Innleiing

Dei etisk retningslinjene for konsernet er vedtekne likelydande av styra i Blom Fiskeoppdrett AS, Blom Settefisk AS. Retningslinjene gjeld for alle tilsette og innleigde, samt styret og andre som opptre på vegne av selskapet.

Formålet med retningslinjene er å sjå til at selskapet har ein sunn bedriftskultur og opptre på ein profesjonell måte, ved å hjelpe dei tilsette å etterleve standardar for god forretningsskikk. Vidare ønskjer selskapa å forankre og erklære sitt ansvar for etterlevelse av grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, både i eige selskap og i verdikjeden.

Den enkelte har sjølv ansvaret for å sette seg inn i dei styrande dokumenta som gjeld.

Retningslinjene skal vere leiande for kulturen og integriteten til selskapet og dei tilsette, og signalisere våre verdiar og vår integritet til tilsette, kundar, leverandørar og andre forretningspartnarar.

Retningslinjene vil vere tilgjengelege på heimesidene til konsernet (www.blomsea.no) og i personalhandboka.

Retningslinjene skal vurderast årleg, og eventuelt reviderast med styregodkjenning.

2. Selskapet sine verdiar

Blom Fiskeoppdrett sin visjon er:


«Blom Fiskeoppdrett skal vere den beste oppdretteren i Norge på kombinasjonen produksjon, fiskehelse og HMS».

Kjerneverdiane er *Grundig, Proaktiv, Handlekraftig og Omtenssom*.

Selskapa respekterer og følgjer FN sine grunnleggande menneskerettar og ILO-konvensjonen, og er Global G.A.P- og GRASP-sertifiserte. Vi vil vidare arbeide for at menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve også er ivaretatt hos forretningspartnarar og i leverandørkjeden.

Selskapa tek avstand frå alle former for korrupsjon, diskriminering, brot på menneskerettar og andre former for kriminalitet.

Blom-konsernet følgjer lovar, forskrifter og regelverk som er relevante for våre selskap. Konsernet med sine tilsette skal opptre med høg integritet og profesjonalitet.

	<p style="text-align: center;">Etiske retningslinjer</p> <p style="text-align: center;">Blom Fiskeoppdrett og Blom Settefisk</p>	
<p>Revisjon nr.: 1</p>	<p style="text-align: center;">Dato: 30. mai 2023</p>	<p style="text-align: right;">Side 2 av 4</p>

Verksemdstyringa skal vere risikobasert, for å oppnå effektiv og god drift, nå definerte mål innan økonomi, drift, helse og kvalitet, gi god styringsinformasjon og samtidig halde lov-, forskrifts og rapporterings-krav, ved å sette inn ressursane der risikoen er størst.

Alle selskapa i Blom-konsernet forpliktar seg til å arbeide for at menneskerettar og anstendige arbeidsforhold blir ivaretatt i eigne selskap og hos leverandørane våre, ihht anerkjente menneskerettskonvensjonar, lovar og forskrifter.

3. Etikk, kultur og arbeidsmiljø

Selskapet skal fremstå som ein profesjonell og positiv arbeidsplass med eit inkluderande arbeidsmiljø, der det er triveleg og sikkert å jobbe. Arbeidsplassen skal vere fri for trakassering, mobbing og diskriminering.

Tilsette i Blom-konsernet skal utvise høg integritet og profesjonalitet i arbeidet. Tilsette skal halde ein høg etisk standard og personleg moral i utførselen av sine plikter, og opptre rettferdig, ærleg og med respekt overfor andre tilsette, leverandørar, kundar og andre samarbeidspartnarar.

Vi ønskjer eit godt og positivt arbeidsmiljø for alle våre tilsette og ein god kultur for trivsel, arbeidsglede og kvalitet, og arbeider aktivt for å oppnå dette.

Konsernet har som mål å rekruttere, utvikle og behalde dei beste ressursane. Vi vil at våre tilsette skal få utnytte potensialet sitt og bli anerkjent og belønna for sine prestasjonar på en rettferdig måte. Relevant opplæring og kursing skal bidra til dette. For å hjelpe deg å forbetre deg og prestere etter ditt fulle potensiale, kan kollegaer gi ærlege tilbakemeldingar på en konstruktiv og respektfull måte. Leiinga ønskjer og oppmuntrar óg til innspel frå dei tilsette.

Tilsette skal ikkje, når dei opptre på vegne av selskapet, prøve å oppnå urimelege fordelar ved manipulasjon, hemmelegald, misbruk av fortruleg informasjon, villeiande framstilling av fakta eller andre uredelege framgangsmåtar.

Det er i utgangspunktet kun dagleg leiar og styreleiar som kan uttale seg til media eller myndigheiter om saker som gjeld selskapet. Unntak kan avtalast med dagleg leiar.

Dei tilsette står fritt til å delta i demokratiske og politiske prosessar og uttale seg som privatperson i saker som ikkje angår selskapet.

Tilsette har teieplikt på all sensitiv informasjon i selskapet. Dette inkluderer alt som det kan vere problematisk at blir spreidd, frå økonomiske data som t.d. prisar og kostnadstal, produksjonsdata som t.d. slaktevolum, utføring, avvik, tilvekst og liknande, til personalinformasjon og sikkerhetsinformasjon.

Det er ikkje lov å publisere på sosiale media o.l. bilete, video eller tekst som viser selskapets utstyr, arbeidssituasjonar og kollegaer, utan at det er klarert med overordna og dei som eventuelt er med.



Gåver som tilsette mottar frå eksterne i jobbsamanheng høyrer selskapet til, og kan ikkje reknast som private.

Tilsette skal vise moderasjon når dei pådrar selskapet kostnader, ta godt vare på anlegg, utstyr og verktøy som høyrer selskapet til, og skal kun gjennomføre kjøp som er ihht. behov og blir vurdert som rimeleg og nødvendig.

Det er ikkje aksept for noko form for rusmisbruk (alkohol/narkotika) på arbeidsplassen og i arbeidstida. Når tilsette er ute blant leverandørar, kundar og forretningspartnarar, på kurs og konferansar etc i arbeidstid og som ein del av arbeidet, er det forventa at ein representerer selskapet på ein god måte, og framstår og oppfører seg profesjonelt og uklanderleg.

Selskapet arbeider kontinuerleg med forbetringar, og ønskjer involvering frå dei tilsette.

Tilsette oppfordrast til å rapportere avvik i avvikssystemet og kontakte leiinga om dei har bekymringsmeldingar eller klager.

4. Arbeidstakar-rettar

Blom Fiskeoppdrett med døtre følgjer ILO-konvensjonen og er GRASP-sertifiserte. Alle tilsette skal ha anstendige arbeidsforhold, og brot på menneskerettar skal ikkje forekomme. Detaljar om arbeidstid, arbeidsavtale, avlønning, rett til å organisere seg, pensjon og forsikring er nedfelt i personalhandboka.

Tilsette har rett til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen ihht aml §2a. Rutine for dette ligg i personalhandboka.

5. HMS og kvalitet

Sikkerheit til dei tilsette skal vere førsteprioritet i arbeidet. Det skal ikkje gjerast kompromiss som kan gå på bekostning av helse og sikkerheit.

Det skal foreligge eigne prosedyrer for arbeidssituasjonar og - prosessar som inneber betydeleg risiko, og verneutstyr skal vere tilgjengeleg og påbudt å bruke. Prosedyrer og sjekklister mm er organisert og lagra i kvalitetssystemet, og leiar skal følge opp at dei tilsette er gjort kjent med relevante styrande dokument.

Punkta som gjeld kultur og arbeidsmiljø i kapittel 3, skal bidra til betre psykososiale arbeidsforhold. Dei tilsette er viktige for drifta og kvaliteten på prosessar og leveransar, og selskapet arbeider for å ivareta alle tilsette, auke trivsel, redusere sjukefråvær og bidra til at tilsette ønskjer å vere lenger i selskapet.

Blom-selskapa er opptatt av å ta best muleg vare på miljøet og naturen, og arbeider kontinuerleg for å redusere påvirkning på ytre miljø.



Etiske retningslinjer

Blom Fiskeoppdrett og Blom Settefisk

Revisjon nr.: 1

Dato: 30. mai 2023

Side 4 av 4

Selskapet arbeider for best mulig fiskehelse, lavest mulig dødelighet og høgast mulig kvalitet på fisken vi leverer. For å oppnå dette arbeider vi med tett oppfølging av både fisken i sjøen og dei tilsette, kvalitet i arbeidet og nøyaktig gjennomføring, og best mulig resultat i alle driftsoperasjonar.

Avviksrapportering og -handtering skal brukast aktivt inn i risikostyringa for å redusere faren for personskade, ulykker, feil og redusert kvalitet.